

Nei til utholing av lov om stadnamn


Buskerud mållag går mot dei store endringane i lov om stadnamn som Kulturdepartementet legg opp til i endringsframlegget som vart send på høyring 3. juni i år, og som byggjer på stortingsvedtak av 13.1.2010. Gards- og bruksnamn er som andre stadnamn immaterielle kulturminne som kjem alt folket ved. Det må liggja til demokratiske organ, delegert til styremaktene på ymse nivå, å forvalta skrivemåten av alle offentlege namn i Noreg. Gards- og bruksnamn er gamle adresser – i førre hundreåret tok mange nordmenn eit gards-/bruksnamn som etternamn, og slektsnamna varierer difor mykje i skrivemåte og er reliktar av gamal skrivesed som kan vere interessant nok som familienamn, men desse private skrivemåtane må ikkje pressast på gardar og gardsbruk – på stader i det offentlege rom som er adresser i vårt kollektive og geografiske minne.

”Departementet føreslår å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn.” heiter det i høyringsbrevet frå departementet. Buskerud Mållag rår ifrå å gjera desse endringane: å gje siste ordet til skiftande private eigarar av gardsbruk er lite til gagn – lova kjem under sterkt press og me ottast ei utholing og med tider ei avvikling av lov om stadnamn.

Usemjå om skrivemåtar er ikkje over med dette – dersom gardsbruk no skal ymsa i skrivemåtane og skilja seg frå ein offentlig skrivemåte på gardsvaldet, blir det fort press på avleidde namneformer som i endringsframlegget framleis er meint skal skrivast etter gardsnamnet og i samsvar med lova av dag og ikkje etter private/lokale skrivemåtar. Til dømes i adressering, der er det kommunen som er vedtaksintans, men skrivemåten i primærleddet, som ofte er eit gardsnamn, skal fylgja skrivemåten som Statens kartverk har vedteke eller sett opp. Bønder på einskildbruk med makt og prestisje vil gjerne ha ”sin skrivemåte” på offentlege vegnamn med: Det blir ikkje lett å få folk til å forstå at det er skrivemåten etter stadnamnlova som skal nyttast om garden og gardsvaldet og i all namneavleiing når det er einskildbruk som får godkjentstempla ”familiære skrivemåtar”, at den avvikande/lokale skrivemåten berre gjeld for ein avgrensa del av eit større gardsvald – ein privat eigedom og ikkje meir enn det.

Buskerud mållag meiner lov om stadnamn, slik ho *no* er, balanserer ulike interesser i samfunnet. Me ser positivt på ”språklege og innhaldsmessige endringar som skal gjere lova lettare å forstå og til styrking av vern om sjølve namnet» (§ 3), men noka ny lov vil me ikkje ha. Geografiske namn, som gards- og bruksnamn, meiner me må normerast etter vår tids skriveskikk og etter nedervd uttale og tydingsopphav.

Hemsedal 30.8.2014

Styret i Buskerud Mållag

Kjell Snerte

leiar